



Etter ein vellukka Skutefestival i fjor vert det arrangert stor Skutefest på Skålakaien i helga.

I dag startar Skutefesten i Rosendal og mange skuter på sin seglas mot Kvinnherad vil gå Storsund. Over 12 store og mindre skuter er påmeld. I programmet finn vi fleire namn frå Uskedalen, Hans Gustav Musslund, Kristian Bringedal og Jørn Øyrehagen Sunde. Lubbesilda på Skutetreffet fredag kveld vert levert av Hjørnevåg. Harald Sætre vil selja og signera boka 61 VETERANBÅTAR PÅ VESTLANDET.

Skutefesten er den offisielle avslutninga på Kystsogevekene, ei stormønsyring av kystkultur som vart opna 4. august på Fjordsteam i Bergen og som har vore innoom 22 kommunar på Vestlandet. Ordførar, Peder Sjø Slettebø, opnar Skutefesten laurdag kl. 12. Det vert helsing frå Kystsongevekene ved Kjell Magnus Økland.



Boka 51 VETERANBÅTAR PÅ VESTLANDET av Harald Sætre vert seld på Skutefesten.

Skuteseminaret med fire føredrag går to gonger, kl. 10 og kl. 13. Jørn Øyrehagen Sunde vil snakka om kaperkaptein Christoffer Trondsen Rustung frå Seimsfoss og som levde på 1500 talet. Med bakgrunn i forskning vil Øyrehagen Sunde få fram fakta om kva funksjon han har hatt for handel og virke i Sunnhordland på den tida. Eit anna interessant føredrag er av Morten Hesthammer som vil fortelja om polarskuta GJØA som no er sett i hus på Bygdøy.

Harald Sætre si siste bok er godt motteken og sel godt. I regi av Rosendal Bokhandel vil han selja og signera boka.

Vermeldingane er ikkje dei beste. Difor er det rigga stort telt på kaiområde ved Folgefonnsenteret.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Morten Nygård/ Kristian Bringedal/ UiB



Jørn Øyrehagen Sunde er ein av fleire føredragshaldarar på Skuteseminaret.